

# ÅRBOK FOR KARMSUND

*HAUGESUND MUSEUM*

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE  
OG  
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND  
1956

## FORORD

*Årbok for Karmsund* er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknytning til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

## MINNEORD



*Leif Brande*



*Reinhard Huglen*



*Trygve Kongshavn*

Tri menn som stod vårt arbeid serleg nær, er falle frå sidan fyrre årboka kom ut i 1950.

Tannlege *Leif Brande* døydde den 14. september 1952. Han var fødd den 20. august 1887 i Kristiansund og kom til Haugesund som ung tannlege i 1910 og fekk arbeidsdagen sin her.

Leif Brande hadde alt frå ungdomen omfattande kulturhistoriske interesser, og gjennom flittig lesing hadde han tileigna seg solide kunnskaper i dette emnet. Serleg var det forhistoria, arkeologien, som hadde gripe han, og det arbeidet som vert drive til vern av våre fritidsminner, hadde i han ein varm ven. Brande var livsvarig medlem av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene og var varamann 1941-45 og frå 1945 til sin død medlem av styret. Han var og medlem av plan- nemnda for museumsbygg. Han var mannen med det sunne og praktiske syn, og i styret var hans meining stødt til- lagt stor vekt. Sakleg og grei var han i all si ferd.

Likningssjef *Trygve Kongshavn* døydde den 6. februar 1954. Han var knytt til heimbyen og distriktet her med sterke ætteband, fødd i Haugesund den 10. oktober 1892 av foreldre som både på farssida

og morssida hadde røter i bygdene. Tidleg tok han til å samla opplysningar om ætta, og det vart med åra eit omfattande arbeid både om si eiga ætt og mange andre ætter som han ved sine arkivgranskningar kom bort i og fekk interesse for. Gild og hjelpsam som han var, delte han stødt med gavmild hand av sine store kunnskaper og sitt omfattande kjeldemateriale til alle som spurde han.

Varige minne har Trygve Kongshavn sett seg i dei to bøkene «Haugesunds kommunale administrasjon i 75 år» (i samarbeid med Margit Westbøe), utkomen i 1930 — eit grundig oppslagsverk om Haugesund kommune frå den eldste tid fram til 1930 og uundverleg for alle som har noko å gjera med kommunalt styre og stell i Haugesund — og «Haugesunds Rederiforening 1910 — 1935», som ikkje berre er eit jubileumsskrift for Haugesunds Rederiforening, men i like stort monn ei sjøfartshistorie for Haugesund.

Trygve Kongshavn var medlem av Museums- og historielaget sidan 1927, var frå 1939 til 1945 varamann og sidan 1945 medlem av styret. Ei sak som låg sterkt på han, var at museet måtte skaffast tilfredsstillande husrom, og det var han som gjorde opptaket til at denne saka vart reist etter krigen.

Som menneske var han varmhjarta og venleg og elska av alle som lærde han å kjenna.

Depotsjef *Reinhard Huglen* vart brått riven bort den 2. juli 1956 på ei granskingsferd på Karmøy. I fleire år hadde ei viktig side ved den gamle gardsskipnaden i Karmsund oppteke han sterkt, og planen hans var å publisera i denne årboka det materialet som nå var innsamla om emnet. Huglen rakk diverre ikkje å gjera dette arbeidet ferdig. Han ville gjera endå ei siste etterrøkjing i marka før han skreiv manuskriptet, og han stupa på denne ferda, midt i det arbeidet som hadde vorte han så kjært, og som han hadde vigd så mykje av si tid og arbeidskraft.

Reinhard Huglen var fødd i Skåre den 26. januar 1888 som eldste son til den kjende kommunemannen, lærar Ole Huglen; mora var dotter til stortingsmann Haakon Storsteen. Han gjekk i ungdomen først jordbruksskulen på Tveit og så landbrukshøgskulen. Det kom likevel til å laga seg så at lengste arbeidsdagen hans fall til å verta i byen. Men bygdemann var han all sin dag både gjennom tradisjon og i hug og hått.

Som lokalhistorikar hadde Huglen medfødde gåver, og dei odla

og dyrka han frå ungdomen. Etter at han i 1918 i Bergen hadde vore med på eit landsomfattande kurs for lokalhistorikarar, var han ein utrøyttelig samlar av folkeminne og lokalhistorisk tilfang både i heimbygda, Skåre, og i heile Karmsund og vidare med. I det stille gjorde han eit samlararbeid som er imponerande. Huglen kjende det slik, og han vart aldri trøytt av å ta det oppatt, at det hastar med å få samla det historiske tilfanget som lever på folkemunne, for det døyr med dei gamle. Sjølv har han gjennom samlararbeidet sitt berga umistelege kulturverdiar.

Då Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene vart skipa i 1925, var Reinhard Huglen ein av dei første som skreiv seg som medlem, og han var eit aktivt medlem. Serleg i dei seinare åra var han stødt med på samlarferder kring i bygdene i fristundene sine. Han tok i laget opp tanken om eit organisert samarbeid mellom bygdeboknemndene, det som førte til skiping av Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund, og han var medlem av styret for denne samskipnaden. Sidan 1938 var han revisor i Museums- og historielaget. Han var og leidar av bygdebokarbeidet i Skåre, der han nå var komen så langt at det meste av tilfanget var samla, og han hadde gått i gang med å skriva. I årboka til Museums- og historielaget 1945-50 skreiv han «Hus og gard i Karmsund», der han nytta dei eldste tingbøkene som kjeldemateriale til kunnskap om byggeskikk og hustyper her i bygdene i gamal tid.

Gjennom mange års samarbeid lærde eg Reinhard Huglen å kjenna som ein rak og heilstøypt personlegdom og ein trufast ven.

*N. H. Tuastad.*